

  
**veg**tilsynet

## **Tilsynsrapport**

sak 2018-04

Beredskapsplanlegging for  
vêrutsette strekningar

**Saksnummer** 2018-04  
**Publiseringsdato** 26.04.2018  
**Tilsynslag** Bente I. B. Molland, tilsynsleiar  
Haakon Innset, fagrevisor veg  
Øystein Opheim, fagrevisor juridisk  
**Tilsynspart** Statens vegvesen, Region vest

## Om rapporten

Denne rapporten er basert på tilsyn i Statens vegvesen, Region vest. Tilsynssaka omhandlar beredskapsplanlegging på vêrutsette strekningar.

Rapporten inneheld ei oppsummering av tilsynet og ein presentasjon av tilsynsfunn.

Tilsynspart skal innan fastsett frist kome med tilbakemelding på korleis avviket vil verte handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring.

På bakgrunn av denne tilbakemeldinga vil Vegtilsynet vurdere vidare oppfølging, eller lukking av avviket.

26.04.2018

Sign.:



Bente I. B. Molland  
tilsynsleiar

Sign.:



Trude Tronerud Andersen  
direktør

## Samandrag

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen, Region vest sikrar eit oppdatert og relevant planverk for beredskap på vêrutsette strekningar.

Vegtilsynet har undersøkt om det er utarbeidd beredskapsplanar i samsvar med krav, og om regionen sikrar at beredskapsplanane for evakuering av fastkøyrd kolonne vert etterlevd.

Samla sett viste tilsynssaka at Region vest stort sett har eit oppdatert og relevant planverk for beredskap på vêrutsette strekningar.

Vegtilsynet fann at regionen:

- har utarbeidd regional trafikkberedskapsplan
- ikkje har utarbeidd lokale trafikkberedskapsplanar
- har lokale instruksar for stenging og kolonnekøyring for dei undersøkte strekningane
- har beredskapsplanar for fastkøyrd kolonne for dei undersøkte strekningane
- har ein praksis for å sikre at alle involverte er kjend med beredskapsplanane for evakuering av fastkøyrd kolonne og dei rutinane som skal følgast, men at det ikkje alltid føreligg dokumentasjon på at denne praksisen er følgt.

Vegtilsynet har funne eitt avvik som vil verte følgt opp med Statens vegvesen, Region vest. Det er gjort ein observasjon.

# Innhold

1. Bakgrunn	5
2. Mål og problemstillinger	6
3. Gjennomføring og metode	7
4. Tilsynskriterium	9
5. Tilsynsresultat	12
<b>Vedlegg 1:</b> Mottatt dokumentasjon	<b>19</b>

# 1. Bakgrunn

God beredskap er viktig for å minske følgene av uønskete hendingar. Når det gjeld vegnettet skal beredskapen sikre pålitelegheit, sikkerheit og framkome både i normalsituasjon og under påkjenning. Beredskapsplanar skal sikre tilstrekkeleg overvaking på strekningane, slik at ein til dømes innfører kolonnekøyring eller stenging til rett tidspunkt.

I situasjonar som til dømes fastkøyring av bilar, vert det stilt endå større krav til beredskapsplanane. I ein kritisk situasjon er ein avhengig av eit grundig forarbeid i samarbeid med politiet og andre ansvarlege etatar.

Eksempel på uønskete hendingar er:

- 1997: 80 menneske innesperra i ein kolonne på Hardangervidda
- 2015: 8 vogntog i ein kolonne stod fast på Hardangervidda

I følge Statens vegvesen sin instruks, skal dei:

- ha oversikt over risiko-, trussel- og sårbarheitsbilde for vegnettet, samt arbeide på tvers av sektorane med beredskapsplanlegging
- sørge for nødvendig beredskap for å sikre best mogeleg framkome på det viktigaste vegnettet under ulike påkjenningar

I Statens vegvesens handlingsprogram for 2013–2017 vert det slått fast at «fokus på risiko og sårbarheitsanalyser, øvelser, beredskapsplaner og kriseplanverk i Statens vegvesen opprettholdes og kontinuerlig evalueres, øves og revideres.»

Vegtilsynet har valt Region vest som tilsynspart. Regionen kan ha eit tøft vinterklima, og har fleire vêrutsette vegstrekningar med store utfordringar vinterstid, både for dei som skal halde vegen open og for trafikantane. Oversikta nedanfor viser tal timar det har vore midlertidig stengd og kolonnekøyrd på vêrutsette strekningar i Region vest for sesongen 2015/2016 og 2016/2017:

Strekning	Midlertidig stengd		Kolonnekøyring		Kolonnekøyring (over 7,5 tonn)	
	2015/2016	2016/2017	2015/2016	2016/2017	2015/2016	2016/2017
E16 Filefjell	5	0	0	0	8,5	62
Rv 7 Hardangervidda	119	221	463	466	295	181
Rv 13 Vikafjell	43	14	10	11	-	-
Rv 52 Hemsedalsfjellet	15,5	9	0	0	177,5	82

## 2. Mål og problemstillingar

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen, Region vest sikrar eit oppdatert og relevant planverk for beredskap på vêrutsette strekningar.

For å undersøke dette har Vegtilsynet sett på følgande problemstillingar:

### Problemstilling 1

Er det utarbeidd eit planverk som omfattar beredskapen på vêrutsette strekningar?

### Problemstilling 2

Sikrar regionen at beredskapsplanane vert etterlevd?

### Avgrensing

Denne tilsynssaka er avgrensa til å undersøke beredskap på vêrutsette fjellovergangar der det kan verte innført stenging eller kolonnekøyring.

### Omgrepsbruk

ROS-analyse<sup>1</sup>

*Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)*: Ein systematisk metode for beskriving og vurdering av risiko og sårbarheit.

*Risiko*: Eit uttrykk for konsekvens av uønskte hendingar og relaterte sannsynlegheiter.

*Sårbarheit*: Eit uttrykk for eit system si manglande evne til å oppretthalde eller gjenoppta sin funksjon, når det vert utsett for påkjenningar. Det motsette av robustheit.

VegCIM<sup>2</sup>

Statens vegvesen sitt krisehandterings- og risikoanalyseverktøy.

NVDB<sup>3</sup>

Nasjonale vegdatabank, NVDB, er ein database med informasjon om statlege, kommunale, private, fylkes- og skogsbilvegar.

<sup>1</sup> «Retningslinje for VegROS», Statens vegvesen, 2017.

<sup>2</sup> Delrapport 2, *Krisestøtteverktøy CIM – anbefalinger*, NIFS-rapport 76/2014, 2014

<sup>3</sup> <https://www.vegvesen.no/fag/teknologi/Nasjonale+vegdatabank>

### 3. Gjennomføring og metode

Tilsynssaka er gjennomført som ein revisjon.<sup>4</sup>

Vegtilsynet sende varsel om tilsyn 25. januar 2018. Det vart gjennomført opningsmøte med tilsynspart 12. februar 2018 for å informere ytterlegare om tilsynssaka, gjere naudsynte avklaringar om gjennomføringa av tilsynet, og å opprette ein god dialog med tilsynspart.

Basert på varselet, mottok Vegtilsynet ei oversikt over vêrutsette strekningar i regionen som kan verte midlertidig stengd/kolonnekøyrd. Vegtilsynet valde ut alle dei fire strekningane som Region vest er ansvarleg for:

- Ev 16 Filefjell, strekningen Maristova – Tyinkrysset
- Rv 7 Hardangervidda, strekningen Leiro – Haugastøl
- Rv 13 Vikafjell, strekningen Storehaug – Hola
- Rv 52 Hemsedalsfjellet, strekningen Borlaug – Bjøberg

Vegtilsynet har mottatt Regional trafikkberedskapsplan. I tillegg har Vegtilsynet bedt om følgende dokumentasjon for strekningane over:

- lokale trafikkberedskapsplanar
- lokal instruks for midlertidig stenging eller kolonnekøyring på vêrutsette strekningar
- beredskapsplan for fastkøyrd kolonne
- ROS-analyser for kvar strekning med kolonnekøyring
- dokumentet «Stenging av veg pga. skred»
- dokumentet «Stenging av veg midlertidig/trafikkregulering av høgfell»
- referat frå siste årlege vintermøte
- referat frå vintermøte før første vintersesong for kontrakten
- vinterplanen
- dokumentasjon som viser at beredskapsplanane er blitt testa gjennom øvingar, og eventuelle evalueringar av beredskapsplanen som er gjort i samband med/i etterkant av øvinga
- dokumentasjon som viser at Vegtrafikksentralen har beredskapsplanane tilgjengeleg.

Sjå vedlegg 1 for oversikt over mottatt dokumentasjon.




<sup>4</sup> Ein revisjon er ein systematisk, uavhengig og dokumentert prosess for å skaffe tilsynsbevis og bedømme dei objektivt for å bestemme i kva grad tilsynskriteria er oppfylt.

Vegtilsynet har gjennomgått innsendt dokumentasjon, og intervjuet byggeleiarane for driftskontraktane for alle dei fire strekningane. Følgande vart intervjuet:

- Byggeleiar for driftskontrakt 1204 Hardanger
- Byggeleiar for driftskontrakt 1401 Indre Sogn
- Byggeleiar for driftskontrakt 1402 Midtre Sogn

Alle intervjuerferat er verifisert av dei som vart intervjuet.

Innhenta data er vurdert opp mot tilsynskriteria, og dannar grunnlag for tilsynsfunna. Symbol som er brukt for å illustrere tilsynsfunna i rapporten går fram av tabellen under:

Symbol	Vurdering av samsvar med tilsynskriterium
	Avvik: Manglande samsvar med krav.
	Observasjon: Forhold der ein gjennom revisjonen har sett at det er potensial for forbetring hjå tilsynspart.
	Tilsynskriteriet er oppfylt.

Utkast til rapport vart lagt fram for tilsynspart 12. april 2018, med frist for å gi tilbakemelding på faktafeil. Tilsynspart gav ingen tilbakemelding innan fristen.



## 4. Tilsynskriterium

Tilsynskriteria i saka baserer seg på følgande:

- Veglova § 11 b. *Plikt til å ha og bruke styringssystem* m.m.
- Handbok R611 *Trafikkberedskap*
- Handbok R763 *Retningslinjer for utarbeidelse av konkurransegrunnlag*
- NA-rundskriv 2013/10 *Retningslinjer for midlertidig stengning og innføring av kolonnekjøring på fjelloverganger og andre værutsatte vegstrekninger* (med vedlegg)
- NA-rundskriv 2007/9 *Retningslinjer for midlertidig stengning og innføring av kolonnekjøring på fjelloverganger og andre værutsatte vegstrekninger* (med vedlegg)

### **Problemstilling 1: Er det utarbeidd eit planverk som omfattar beredskapen på vêrutsette strekningar?**

For denne problemstillinga er det fire tilsynskriterier.

Tilsynskriterium 1.1: Regionen skal ha ein regional trafikkberedskapsplan som omfattar beredskap på vêrutsette strekningar.<sup>5</sup>

Regionen skal ha ein regional trafikkberedskapsplan for handtering av uventa hendingar på veg. Den regionale trafikkberedskapsplanen skal innehalde ei oversikt over lokale trafikkberedskapsplanar og beredskapsplanar for vêrutsette strekningar i regionen, med beskriving av kor oppdaterte planer finst tilgjengeleg. Planen skal også beskrive korleis Statens vegvesens rollar og ansvar for trafikkberedskapen i regionen er organisert, generelle informasjonsrutinar og ein generell varslingsplan for trafikkberedskap i regionen.

Den regionale trafikkberedskapsplanen skal reviderast når endra forhold krev det, ved endringar i vegnettet eller ved oppstart av ny driftskontraktperiode. Trafikkberedskapsplanar skal som minimum gjennomgåast kvart femte år.

Den regionale trafikkberedskapsplanen skal godkjennast av regionvegsjefen.

Tilsynskriterium 1.2: Regionen skal ha lokale trafikkberedskapsplanar som omfattar beredskap på vêrutsette strekningar.<sup>6</sup>

Regionen skal ha ein lokal trafikkberedskapsplan for handtering av uventa hendingar på veg. For vegar i trafikkberedskapsklasse (TBK) 1 skal det utarbeidast strekningsvise lokale trafikkberedskapsplanar. Det skal utarbeidast strekningsvis eller områdevis lokal trafikkberedskapsplan for vegar i TBK2 og TBK3. Det kan utarbeidast lokal trafikkberedskapsplan for vegar i TBK4. Vegens samfunnsmessige betydning skal ligge til grunn for inndeling i trafikkberedskapsklassar.

<sup>5</sup> Handbok R611 *Trafikkberedskap* punkt 3.1, 3.2 og vedlegg 2.

<sup>6</sup> Handbok R611 *Trafikkberedskap* punkt 3.1, 3.3 og vedlegg 3.

Statens vegvesens rollar, ansvar og organisering når det gjeld trafikkberedskapen kan detaljerast i dei lokale trafikkberedskapsplanane. Også varslings- og informasjonsrutiner som er beskrevet i regional trafikkberedskapsplan kan detaljerast i dei lokale trafikkberedskapsplanane.

Dei lokale trafikkberedskapsplanane skal vise til beredskapsplanar for vêrutsette strekningar, med beskriving av kor oppdaterte planer finst tilgjengeleg.

Den lokale trafikkberedskapsplanen skal reviderast når endra forhold krev det, ved endringar i vegnettet eller ved oppstart av ny driftskontraksperiode. Trafikkberedskapsplanar skal som minimum gjennomgåast kvart femte år.

Dei lokale trafikkberedskapsplanane skal godkjennast av regionveg sjefen.

Tilsynskriterium 1.3: Regionen skal ha lokale instruksar for stenging og kolonnekjøring for kvar einiskild vêrutsette strekning som kan verte midlertidig stengd eller kolonnekjørd.<sup>7</sup>

Det skal utarbeidast ein instruks for kvar einiskild vêrutsette strekning som kan verte midlertidig stengd eller kolonnekjørd. Instruksen skal beskrive rutinar for stenging og kolonnekjøring, og kan anten utarbeidast i samsvar med mal i NA-rundskriv 2013/10 eller NA-rundskriv 2007/09, eller etter mal i Handbok R763 *Retningslinjer for utarbeidelse av konkurransegrunnlag* både når det gjeld inndeling og innhald.<sup>8</sup>

Tilsynskriterium 1.4: Regionen skal ha beredskapsplanar for fastkjørd kolonne for kvar einiskild vêrutsette strekning som kan verte midlertidig stengd eller kolonnekjørd.<sup>9</sup>

Det skal utarbeidast ein beredskapsplan for kvar einiskild vêrutsette strekning som kan verte midlertidig stengd eller kolonnekjørd. Beredskapsplanen kan anten utarbeidast i samsvar med mal i NA-rundskriv 2013/10 vedlegg 2 eller NA-rundskriv 2007/09, eller etter mal i Handbok R763 *Retningslinjer for utarbeidelse av konkurransegrunnlag* både når det gjeld inndeling og innhald.<sup>10</sup>

<sup>7</sup> NA-rundskriv 2013/10 pkt. 1 og vedlegg 1, Handbok R763 *Konkurransegrunnlag*

<sup>8</sup> Instruksen kan anten utarbeidast i samsvar med NA-rundskriv 2013/10 vedlegg 1 «Lokal instruks for midlertidig stengning og kolonnekjøring», eller etter Handbok R763 *Retningslinjer for utarbeidelse av konkurransegrunnlag*, Driftskontrakt veg, kap. D2-ID9500a, mal for «Midlertidig stengning og kolonnekjøring av værutsatt strekning». For driftskontrakter som vart inngått før NA-rundskriv 2013/10 tok til å gjelda 06.12.2013, kan regionen forholde seg til NA-rundskriv 2007/09 vedlegg 1 «Mal for lokal instruks for midlertidig stengning og kolonnekjøring», jf. følgeskrivet «Notat til Instruks» i NA-rundskriv 2013/10.

<sup>9</sup> NA-rundskriv 2013/10 pkt. 19 og vedlegg 2, Handbok R763 *Konkurransegrunnlag*

<sup>10</sup> Planen kan anten utarbeidast i samsvar med NA-rundskriv 2013/10 vedlegg 2 «Beredskapsplan for evakuering av fastkjørt kolonne på [navn på strekning]», eller etter Handbok R763 *Retningslinjer for utarbeidelse av konkurransegrunnlag*, Driftskontrakt veg, kap. D2-ID9500a, mal for «Beredskapsplan for evakuering av fastkjørt kolonne». For driftskontrakter som vart inngått før NA-rundskriv 2013/10 tok til å gjelde 06.12.2013, kan regionen forhalde seg til NA-rundskriv 2007/09 der det er oppgitt at det «må [...] utarbeidast ein beredskapsplan for hvordan en situasjon hvor kolonnen setter seg fast på fjellet skal håndteres.» Rundskrivet inneheld ingen mal for korleis denne planen skal se ut.

Det følger av NA-rundskriv 2013/10 at beredskapsplanen skal bygge på ein dokumentert risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) som skal gjennomførast for kvar enkelt kolonnekøyrde strekning.

### **Problemstilling 2: Sikrar regionen at beredskapsplanane vert etterlevd?**

For denne problemstillinga er det eitt tilsynskriterium.

Tilsynskriterium 2.1: Regionen skal sørge for at alle involverte er kjend med beredskapsplanane for evakuering av fastkøyrde kolonne og dei rutineane som skal følgast.<sup>11</sup>

Regionen skal sørge for at alle involverte er kjend med beredskapsplanane for evakuering av fastkøyrde kolonne og dei rutineane som skal følgast, blant anna ved at:

- beredskapsplanen er gjenstand for øvingar<sup>12</sup>
- beredskapsplanen er med i vinterplanen<sup>13</sup>
- det haldast vinterplanmøte før kvar vintersesong<sup>14</sup>
- beredskapsplanen er tema i vintermøte før kontraktens første vintersesong<sup>15</sup>
- vinterplanen er tema i det årlege vintermøte<sup>16</sup>
- Vegtrafikksentralen (VTS) har beredskapsplanane tilgjengeleg.

<sup>11</sup> NA-rundskriv 2013/10 pkt. 19, Handbok R763 *Konkurransesgrunnlag* og NA-rundskriv 2013/10 vedlegg 1, punkt 7 (a)(1), vedlegg 2, punkt 4.

<sup>12</sup> Sjå NA-rundskriv 2013/10, vedlegg 2, punkt 4

<sup>13</sup> Handbok R763 *Konkurransesgrunnlag*, C3 punkt 8.3.3

<sup>14</sup> Handbok R763 *Konkurransesgrunnlag*, C3 punkt 8.3.3a

<sup>15</sup> Handbok R763 *Konkurransesgrunnlag*, C3 punkt 8.3.3b, Vintermøte før kontraktens første vintersesong

<sup>16</sup> Handbok R763 *Konkurransesgrunnlag*, C3 punkt 8.3.3b, Årlig vintermøte

## 5. Tilsynsresultat

**Tilsynskriterium 1.1: Regionen skal ha ein regional trafikkberedskapsplan som omfattar beredskap på vêrutsette strekningar**

Innhenta data

Regional trafikkberedskapsplan er oversendt frå tilsynspart. Planen inneheld dei kapittel som er beskrive i vedlegg 2 i Handbok R611 *Trafikkberedskap*. Planen er signert av regionvegsjefen i desember 2016, og sist oppdatert i februar 2018.

Den regionale trafikkberedskapsplanen har ein eigen del som omtaler fjellovergangar (kolonnekøyring, stenging). Den regionale trafikkberedskapsplan viser til adressa der lokale trafikkberedskapsplanar og omkøyringsruter er lagra. Alle beredskapsplanar for vêrutsette strekningar ligg i lagra i VegCIM.

Regional trafikkberedskapsplan inneheld oversyn over roller og ansvar for aktørane i beredskapen. Dokumenta som omhandlar trafikkberedskap skal oppdaterast innan 10. september kvart år, eit ansvar som er gitt til Veg- og transportavdelinga. Planen inneheld også rutinar for brot i kommunikasjon.



### Vurdering

Tilsynskriteriet er oppfylt.

## Tilsynskriterium 1.2: Regionen skal ha lokale trafikkberedskapsplanar som omfattar beredskap på vêrutsette strekningar

Innhenta data

I den regionale trafikkberedskapsplanen går det fram i kva trafikkberedskapsklasser dei undersøkte strekningane er kategorisert:

Tabell 1: Trafikkberedskapsklasse for dei undersøkte vêrutsette strekningane

Strekning	Trafikkberedskapsklasse
E16 Filefjell	TBK 3
Rv 7 Hardangervidda	TBK 3
Rv 13 Vikafjell	TBK 4
Rv 52 Hemsedalsfjellet	TBK 2

Region vest opplyser at det ikkje er utarbeidd lokale trafikkberedskapsplanar i samsvar med krava i Handbok R611 *Trafikkberedskap*. Det er utarbeidd omkøyringsruter og skiltplanar i regionen, men dette planverket er ikkje oppdatert etter at Handbok R611 *Trafikkberedskap* trådte i kraft i mai 2015. Vegtilsynet har motteke dokumentasjon som viser stengingslenker/omkøyning og skiltpunkt for alle dei undersøkte strekningane, bortsett frå for Rv 13, Vikafjell. Dette vert grunnlagt med at Rv 13, Vikafjell er kategorisert i TBK 4, og at det ikkje er krav om lokal trafikkberedskapsplan for vegar i denne trafikkberedskapsklassen.

Region vest har motteke ei bestilling 11.01.2018 frå Vegdirektoratet om digitalisering av trafikkberedskapsplanane. Region vest er bedt om å sette saman og leie ei arbeidsgruppe med representantar frå alle regionar, og frå dei representative fagmiljøa. Oppgåvene til arbeidsgruppa er å avklare kva data som skal inn i NVDB, kva data som er tilgjengelege, og å definere nye datatypar for NVDB med rutinar og produktspesifikasjonar for registrering. Vidare skal gruppa komme fram til ei løysing for korleis dei planlagde omkøyringsrutene og stengingslenkene kan presenterast for brukarane av dei lokale trafikkberedskapsplanane, slik at dei er i samsvar med kravet for rutene slik de er definert i Handbok R611 *Trafikkberedskap*. I tillegg skal gruppa gjere ei vurdering av ulike verktøy for analyse av data og gi innspel til korleis Statens vegvesen kan utnytte desse data for å kunne effektivisere arbeidet med å lage trafikkberedskapsplanar og sjå nye samanhengar.

Region vest opplyste at dei vil vente med å utarbeide lokale trafikkberedskapsplanar til prosjektet med digitalisering av trafikkberedskapsplanane er fullført. Region vest grunn gav dette med at det krev mykje ressursar og tid å halde planane oppdatert på dagens pdf- eller papirformat, og at digitalisering av grunnlagsdata for trafikkberedskap er hensiktsmessig for å redusere manuelle operasjonar ved oppdatering.

## Vurdering

Handbok R611 *Trafikkberedskap* set krav om at vegavdelingane skal utarbeide lokale trafikkberedskapsplanar. Region vest har ikkje utarbeidd desse planane, men ivaretek til dels krava gjennom å ha utarbeidd stengingslenker/omkøyringsruter og lokale skiltplanar.



### Funn 1 – avvik

Statens vegvesen, Region vest har ikkje utarbeidd lokale trafikkberedskapsplanar i samsvar med krav, for dei undersøkte vêrutsette strekningane i trafikkberedskapsklasse 2 og 3.

**Tilsynskriterium 1.3: Regionen skal ha lokale instruksar for stenging og kolonnekøyring for kvar einskild vêrutsett strekning som kan verte midlertidig stengd eller kolonnekøyrd**

Innhenta data

Dei undersøkte vêrutsette strekningane har alle utarbeidd instruks for stenging og kolonnekøyring (tabell 2). I intervju vart det opplyst at alle instruksane er utarbeidd etter den kontraktmalen som var gjeldande ved utarbeiding av kontrakt. Mottatt dokumentasjon viser at dei lokale instruksane er utarbeidd i samband med utlysing av kontrakt, altså før kontraktstart. Alle byggeleiarane uttrykker i intervju at instruksane fungerer som tiltenkt i dei vurderingane som skal gjerast dagleg.

*Tabell 2: Oversikt over instruksar for innføring av kolonnekøyring og midlertidig stenging*

Strekning	Instruksar
E16 Filefjell	1401 Indre Sogn 2014-2019 D2-ID9000b Kolonnekjøring, midlertidig stenging og styrt trafikkavvikling (2013-12-02)
Rv 7 Hardangervidda	1204 Hardanger 2016-2021 D2-ID9500a Vinterdrift Rv 7 Hardangervidda (2016-01-27) D2-ID9500c Reintrekk Rv 7 Hardangervidda (2015-10-01)
Rv 13 Vikafjell	1402 Midtre Sogn 2016-2021 D2-ID9500a Kolonnekjøring Rv 13 Vikafjellet (2015-10-01) Vedlegg 7 (Oversikt over kolonnekjøring) Vedlegg 8 (Kart over kolonnestrekning)
Rv 52 Hemsedalsfjellet	1401 Indre Sogn 2014-2019 D2-ID9000b Kolonnekjøring, midlertidig stenging og styrt trafikkavvikling (2013-12-02)



**Vurdering**

Tilsynskriteriet er oppfylt.

**Tilsynskriterium 1.4:Regionen skal ha beredskapsplanar for fastkøyrd kolonne for kvar ein-skild vêrutsett strekning som kan verte midlertidig stengd eller kolonnekøyrd**

Innhenta data

Dokumentgjennomgangen viste at Region vest har utarbeidd beredskapsplan for fastkøyrd kolonne for alle dei undersøkte vêrutsette strekningane (tabell 3). Det er nytta ulike malar for beredskapsplanane. Under intervju vart det opplyst at ein av beredskapsplanane er i utforma i samsvar med NA-rundskriv 2013/10, medan ein er utforma samsvar med kontraktsmal. For dei to siste beredskapsplanane vart det opplyst at byggeleiar ikkje kjenner til kva mal som er brukt, men at det truleg er eigen mal basert på NA-rundskriv.

Det er sendt inn dokumentasjon på ROS-analyser for alle dei undersøkte vêrutsette strekningane. Under intervju vart det opplyst at det vart teke omsyn til ROS-analysen ved utarbeiding av oppdaterte beredskapsplanar, og at for ein av planane ligg ROS-analysen som vedlegg i beredskapsplanen.

*Tabell 3: Oversikt over beredskapsplanar for fastkøyrd kolonne*

Strekning	Beredskapsplanar
E16 Filefjell	Beredskapsplan ved fastkøyrd kolonne på: Ev 16 Filefjell (17.04.2017)
Rv 7 Hardangervidda	1204-D2-S17e: Beredskapsplan for evakuering av fastkjørt kolonne på Rv 7 Hardangervidda (2018-03-07)  1204-D2-S17e (Vedlegg – politiets aksjonsplan)
Rv 13 Vikafjell	Beredskapsplan for evakuering av fastkjørt kolonne på Rv. 13 Vikafjellet (14.02.2018) I tillegg: 13 vedlegg
Rv 52 Hemsedalsfjellet	Beredskapsplan ved fastkjørt kolonne på Rv 52 Hemsedalsfjellet (03.05.2017)



**Vurdering**

Tilsynskriteriet er oppfylt.



## **Tilsynskriterium 2.1: Regionen skal sørge for at alle involverte er kjent med beredskapsplanene for evakuering av fastkøyrtd kolonne og dei rutinane som skal følgast**

Innhenta data

Dokumentgjennomgangen viste at to av beredskapsplanane ikkje inneheld distribusjonsliste, noko som vart stadfesta i intervju. Det er ulik praksis mellom kontraktane korleis planane vert distribuert og kommunisert ut, men som oftast vert dei sendt via e-post.

Beredskapsplanane er tema på byggherren sitt vinterplanmøte, og dei ligg i vinterplanen. Ein av byggeleiarane opplyste derimot at beredskapsplanen ikkje ligg i vinterplanen, men er tema i entreprenøren sitt vintermøte. For Rv 7 Hardangervidda og Rv 13 Vikafjell er det lagt fram dokumentasjon som stadfester at beredskapsplanen er med i vinterplanen. For desse to strekningane er det også lagt fram dokumentasjon på at det er gjennomført vinterplanmøte før kvar vintersesong, at beredskapsplanen er tema i vintermøte før den første vintersesongen i kontrakten, og at vinterplanen er tema i det årlege vintermøtet. For Ev 16 Filefjell og Rv 52 Hemsedalsfjellet er det ikkje lagt fram dokumentasjon som stadfester det som vart opplyst i intervju.

Alle dei intervjuja byggeleiarane opplyste at dei er opptekne av at alle involverte på fjellet skal ha planane lett tilgjengeleg. Ein av byggeleiarane opplyste at han har utfordra høgfjellskoordinator til å sjå til at instruksjonen vert følgt ved kolonnekøyting, og at beredskapsplanane ligg tilgjengeleg i brøytebilane. Ein annan byggeleiar opplyser at han gjennomfører stikkprøvekontrollar.

Byggeleiarane opplyste at det vert gjennomført stikkprøvekontroll, vernerundar, og oppfølging av involvert personell for å forsikre seg om at beredskapsplanane er kjend. I tillegg vert det gjennomført øvingar, både reelle øvingar og papirøvingar. Beredskapsplanane vert evaluert etter øvingane. Dei siste øvingane har hatt hovudfokus på test av det nye nødnettet. For Rv 7 Hardangervidda er det lagt fram dokumentasjon som stadfester desse opplysningane. For Ev 16 Filefjell, Rv 13 Vikafjell og Rv 52 Hemsedalsfjellet er det ikkje lagt fram dokumentasjon som stadfester det som vart opplyst i intervju.

Det vert opplyst i intervju at Vegtrafikksentralen har beredskapsplanane tilgjengeleg. For Rv 7 Hardangervidda er det lagt fram dokumentasjon som stadfester at beredskapsplanen er sendt til Vegtrafikksentralen. For Ev 16 Filefjell, Rv 13 Vikafjell og Rv 52 Hemsedalsfjellet er det ikkje lagt fram dokumentasjon som stadfester det som vart opplyst i intervju.

### **Vurdering**

Under intervju har byggeleiarane gitt informasjon som tilseier at beredskapsplanane for evakuering av fastkøyrtd kolonne og dei rutinane som skal følgast er gjort kjend for alle involverte. Vegtilsynet bad om ulik dokumentasjon som skulle understøtte desse opplysningane.

gane. Når det ikkje vart lagt fram dokumentasjon som stadfester det som vart opplyst under intervju, er det uklart om beredskapsplanane er gjort kjend for alle involverte.



**Funn 2 – observasjon**

Statens vegvesen, Region vest kan ikkje dokumentere at alle involverte er kjend med beredskapsplanane for evakuering av fastkøyrd kolonne og dei rutinane som skal følgast.

# Vedlegg 1: Mottatt dokumentasjon

Dette vedlegget viser dokumentasjon som er oversendt Vegtilsynet i tilsynssaka.

Dokumentasjon mottatt etter varsel

- oversikt over v rutsette strekningar i Region vest som kan verte midlertidig stengd/kolonnek yrd
- oversikt over tilh yrande driftskontrakt for desse strekningane, inkludert informasjon om kontraktperiode og ansvarleg region
- regional trafikkberedskapsplan for Region vest

Dokumentasjon for kvar av dei v rutsette strekningane

**Ev 16 Filefjell**, strekningen Maristova – Tyinkrysset:

- brev fr  Vegdirektoratet «Bestilling for digitalisering av trafikkberedskapsplanene»
- kart som viser stenging/omk yring, skiltplanar
- lokal instruks for midlertidig stenging og kolonnek yring
- beredskapsplan for evakuering av fastk yrd kolonne
- RISKEN E16 Filefjell, ROS-analyse E16 og Fv53
- dokumentet «Stenging av veg pga. skred»

**Rv 7 Hardangervidda**, strekningen Leiro – Haugast l:

- brev fr  Vegdirektoratet «Bestilling for digitalisering av trafikkberedskapsplanene»
- kart som viser stengingslenke Geilo – Bu/omk yring, skiltplanar
- lokal instruks for midlertidig stenging og kolonnek yring
- tiltak ved reintrekk p  Hardangervidda
- beredskapsplan for evakuering av fastk yrd kolonne
- risikoanalyse Rv 7 Hardangervidda
- dokumentet «Stenging av veg pga. skred»
- referat fr  evalueringsm te vinterdrift i sesongen 2016-2017 og samarbeidsm te nr. 1-17
- referat fr  vinterm te f r kontraktens f rste vintersesong DK 1204 Hardanger 2016-2021
- vinterplanen
- referat fr  vinterplanm te 1204 Hardanger 2016-2021, vintersesongen 2017/2018
- evalueringsnotat etter  ving 2018
- kopi av e-post som viser at beredskapsplanen er sendt til Vegtrafikksentralen

**Rv 13 Vikafjell**, strekningen Storehaug – Hola:

- notatet «Det er ikke utarbeidet planer for omkj ring for Vikafjellet da dette var  vrige riksveg n r planene p  stamveg ble utarbeidet.»
- lokal instruks for midlertidig stenging og kolonnek yring
- beredskapsplan for evakuering av fastk yrd kolonne
- vedlegg 6 - Risikovurdering
- dokumentet «Stenging av veg pga. skred»

- møtereferat vintermøte 2017
- referat frå vintermøte før kontraktens første vintersesong
- vinterplanen
- referat frå vinterplanmøte

**Rv 52 Hemsedalsfjellet**, strekningen Borlaug – Bjøberg:

- brev frå Vegdirektoratet «Bestilling for digitalisering av trafikkberedskapsplanene»
- kart som viser stenging/omkøyning, skiltplanar
- lokal instruks for midlertidig stenging og kolonnekøyning
- beredskapsplan for evakuering av fastkøyrde kolonne
- RISKEN Hemsedal, ROS-analyse Rv52 og Fv50
- dokumentet «Stenging av veg pga. skred»

I tillegg mottok Vegtilsynet linkar til konkurransegrunnlag for følgande driftskontrakter:

- 1401 Indre Sogn 2014–2019
- 1402 Midtre Sogn 2016–2021
- 1204 Hardanger 2016–2021